



Statens vegvesen Region vest

Dato: 28.02.2018

Vår ref.: 2014/684-8

Saksbehandlar: lisadla

Dykkar ref.:

## Nominering av kandidatar til Samferdselsdepartementet sin trafikksikringspris - Årets trafikksikkerhetskommune 2018

Det vert vist til Samferdselsdepartementet sitt brev av 11. januar 2018 vedkommande nominering av kandidatar til Årets trafikksikkerhetskommune 2018.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) ser at mange av kommunane i Hordaland gjer eit godt trafikksikringsarbeid både når det gjeld halldningsskapande arbeid, og fysiske tiltak på vegnettet. Det er likevel svært ulikt kor store kommunale og lokale ressursar som vert nytta til dette arbeidet i kommunane, noko som dels kan ha samanheng med storleiken på kommunen, men i like stor grad reflektera det kollektive fokuset på trafikksikring.

Med bakgrunn i dei kriterium som er sett frå Samferdselsdepartementet (SD) si side, og ut frå opplysningar om dei einskilde kommunane, samt erfaringar om det trafikksikringsarbeidet som vert gjort i dei ulike kommunane, så vil fylkeskommunen nominere **Bømlo kommune** og **Vaksdal kommune** til «Samferdselsdepartementets trafikksikkerhetspris – Årets trafikksikkerhetskommune 2018».

### Grunngjeving av nominasjonen for Bømlo kommune

Bømlo kommune har nær 12.000 innbyggjarar, og er med det den 9. største kommunen i Hordaland. Kommunen har eit stort vegnett, og ein eigen vegpakke; Bømlopakken.

#### Godkjent som Trafikksikker kommune – november 2017

Kommunen oppfyller det formelle kravet om eigen trafikksikringsplan (2016-2020) som er forankra i politisk leiing, administrasjon og hjå innbyggjarane elles i kommunen.

Kommunen vart i november 2017 godkjent som den 4. trafikksikre kommunen i Hordaland.

I prosessen fram mot å verte trafikksikker kommune har kommunen jobba svært godt. Arbeidet har vore godt forankra i alle ledd i organisasjonen, - frå ordførar og rådmann til den einskilde rektor og barnehagestyrar. Kommunen hadde arbeidet godt forankra i trafikksikringsplanen. I den samanhengen vil vi løfte fram den kommunale trafikksikringsplanen som eit døme til etterfølging. Planen er særskilt godt fundert, og tek hand om halldningsskapande, organisatoriske og fysiske trafikksikringstiltak på ein framifrå måte. Kommunen sin trafikksikringsplan: <https://www.bomlo.kommune.no/sjolvbetjening/kart-planar-og-publikasjonar/>

#### Gjennomføring av fysiske tiltak på vegnettet

Kommunen har sidan 2009 hatt bompengepakken kalla Bømlopakken. Her har svært mange fylkesvegar fått betydeleg standardheving med gang- og sykkelveg, i tillegg til at det er etablert nye vegar.

### Lokal fokus på trafikksikring

Bømlo kommune er ein kommune som syner vilje til å omsetja plan til praksis og fokuserer godt på koplinga mellom folkehelse- og trafikksikringsarbeidet. Mellom anna har konseptet «Alle barn sykler» vore ei satsing i kommunen, så vel som at dei fleste barnehagane er medlemer av Barnas Trafikkklubb.

Kommunen har i fleire år vist stort initiativ til å sökje på dei ulike tilskotsordningane til trafikksikringstiltak, både haldningsskapande og fysiske, som fylkeskommunen lyser ut. Med dette har kommunen fått gjennomført mange arrangement og tiltak. Trygg Trafikk melder at kommunen har vist eit godt oppmøte på kurs i regi av dei.

### **Grunnjeving av nominasjonen for Vaksdal kommune**

Vaksdal kommune har om lag 4.100 innbyggjarar, og er i areal den 5. største i Hordaland. Kommunen ligg sentralt til mellom Bergen og Voss, og E16 går gjennom store delar av kommunen.

### Fyrste trafikksikre kommune i Hordaland – engasjement på alle nivå

Kommunen oppfyller det formelle kravet om eigen trafikksikringsplan som er forankra i politisk leiing, administrasjon og hjå innbyggjarane elles i kommunen.

Hordaland fylkeskommune vil i sin omtale av kommunen i særleg grad trekkje fram den store politiske og administrative viljen som kommunen viser når det gjeld arbeidet med trafikksikring. Her vil vi særleg peike på at det er svært positivt at kommunen ikkje utplukkande er oppteken av fysiske tiltak på vegnettet, men og viser både pågangsmot og vilje til å gjennomføre gode haldningsskapande tiltak som er bredd forankra i kommunen.

Kommunen vart i januar 2016 godkjent som den fyrste trafikksikre kommunen i Hordaland. I prosessen fram mot å verte trafikksikker kommune har kommunen jobba svært godt. Arbeidet har vore godt forankra i alle ledd i organisasjonen, - frå ordførar og rådmann til den einskilde rektor og barnehagestyrar. Frå arbeidet med trafikksikker kommune starta opp i januar 2015 har kommunen hatt ein heilt tydeleg agenda på korleis dei som kommune kan vere med å få ned talet på drepne og hardt skadde i trafikken. Kommunen arbeidde systematisk og godt med å oppfylle kriteria for å verte trafikksikker kommune. Samstundes var kommunen oppteken av at ikkje berre einingsleiarane i kommune-organisasjonen skulle engasjerast, men også lokalsamfunnet og innbyggjarane sjølve. Kommunen har no eit godt rammeverk for å kunne arbeide med systembasert med trafikksikringsarbeidet sitt.

Oppslag om Vaksdal som trafikksikker kommune:

<http://www.vaksdal.kommune.no/vaksdal-foerst-ut-som-itrafikksikker-kommuner.5835029-365779.html>  
<http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Vaksdal-forste-trafikksikre-kommune-i-Hordaland/>

I samband med at kommunen vart trafikksikker kommune, så var dei del av Transportøkonomisk institutt (TØI) si undersøking av konseptet trafikksikker kommune, med fokus på ein mal for evaluering av ordninga som skal nyttast ved regodkjenning.

### Gjennomføring av fysiske tiltak på vegnettet

Trafikksikringsplanen til kommunen (2016-2019) føl på ein særslig god måte opp arbeidet som ligg i Trafikksikker kommune. Svært mange av tiltaka frå planen 2009-2013 er gjennomført, og sikring av skuleveg har hatt særleg merksemd. Kommunen sin trafikksikringsplan:

<http://www.vaksdal.kommune.no/andre-planar.342802.nn.html>

Når det gjeld særlege vegstrekningar og ulykkesstatistikk i kommunen må ein trekkje fram E16. Europavegen går tvers gjennom Vaksdal kommune. Vegen er ein av dei mest utsette vegstrekningane i Hordaland, og særleg er strekninga mellom Voss og Arna svært utsett for trafikkulykker og ras. E16 er ein gjennomfartsveg, men også ein lokalveg for innbyggjarane i kommunen. Vaksdal kommune har dei siste åra opplevd at mange av kommunen sine eigne innbyggjarar har vore råka av alvorlege ulykker på denne vegstrekninga. Kommunen har over fleire år jobba aktivt opp mot fylkeskommunen og staten for å få auka fokus på å sikre dei regionale og nasjonale vegane i kommunen.

### Lokal fokus på trafikksikring

Eit konkret eksempel på at kommunen ønskjer å involvere innbyggjarane sjølv i trafikksikringsarbeidet er skipinga av ein eigen trafikksikringsdag, - som ein del av Daledagane. På trafikksikringsdagen vert ungdommane i kommunen invitert til å vere med å forme innhaldet, og delta på arrangementet. I 2015 resulterte dette i ein eigen film frå dagen der ungdommane sjølv hadde regien. I trafikksikringsarbeidet har kommunen hatt eit særleg fokus på å involvere ungdommane, - også gjennom eigne kunstprosjekt. Ynskje om at ungdommane sjølv skal delta skriv seg mellom anna frå at ungdom er ei utsett gruppe i trafikken, - noko som har sterkt prega kommunen dei siste åra.

Engasjerte Vaksdal-elevar har laga film om trafikksikring og universell utforming:  
<https://www.youtube.com/watch?v=hNJmXsyQPzI>

### Trafikksikringspris til Dale barne- og ungdomsskule i 2016

FTU tildelte i 2016 den årlege trafikksikringsprisen i Hordaland til Dale barne- og ungdomsskule i Vaksdal kommune. Prisen var eit synleg prov på det gode trafikksikringsarbeidet som vert gjort i kommunen mellom born og unge, og korleis skulen sjølv har teke trafikktryggleiken inn i undervisninga og gjort denne til sin eigen. Gjennom å tildele trafikksikringsprisen til Dale barne- og ungdomsskule ville ein løfte fram skulen si kreative og engasjerte formidling av alvoret og omfanget av trafikkulykker.

### Oppslag om prisutdelinga:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2016/trafikksikringspris-til-dale-barne--og-ungdomsskule/>

### **Oppsummering**

Oppsummert så opplever fylkeskommunen si side det som svært positiv at begge kommunane er vel kjend med, og nyttar seg av, dei tilskotsordningane som fylkeskommunen har gjennom til trafikksikringstiltak. Begge kommunen har søkt om tilskot til trafikksikringsarrangement, rullering av trafikksikringsplan og mindre fysiske trafikksikringstiltak på vegngettet.

Kommunane står fram som kommunar som ønskjer å bidra til at innbyggjarane kan ferdast trygt på vegane. Vaksdal kommunar har eit særleg stor lokalt engasjementet når det gjeld det halldningsskapande trafikksikringsarbeidet, medan på Bømlo er fokuset delt mellom det halldningsskapande og fysiske tiltak gjennom Bømlopakken.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Lise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.